




## VALD OG TRUGSMÅL I VOLDASKULEN

I møte, 05.12.2017, ba TOK oppvekstsjefen om ei orientering om vald og trugsmål i Voldaskulen.

Oppvekstsjefen har henta ut statistikk frå Compilo, som er den digitale løysinga som vert nytta til melding av avvik, som til dømes vald og trugsmål.

Frå 2014 til 2017 er det ein auke i rapporterte hendingar som er relatert til vald og trugsmål. I førebuinga av presentasjonen til TOK, er rektorane bedne om å svare på spørsmål kring problemstillinga. Spørsmåla ligg ved notatet.



Med unntak av ein skule, er det i alle grunnskulane tilsette som har opplevd vald og/eller trugsmål i 2017.

Tilbakemeldingane frå rektorane gir likevel ikkje grunn til å tru at dette er eit aukande problem og/eller ein auke i talet på elevar som er årsak til dei uønskte hendingane. I hovudsak er det nokre få enkeltelevar si åtferd som ligg bak dei rapporterte avvika, men desse kan likevel utgjere ein risiko for det psyko-sosiale arbeidsmiljøet for både vaksne og elevar.

På spørsmål i kva grad rektorane kjenner seg trygge på korleis handtere saker der tilsette vert utsett for vald og/eller trugsmål svarar rektorane litt ulikt:

- *Stort sett trygg*
- *Ja, med det vi opplever no så tenker eg meistrar utfordringane*
- *Har krisepermen som er til hjelp*
- *Som regel, men kunne tenkt meg ein rettleiar med enkel «oppskrift» som eit utgangspunkt*
- *Til ei viss grad, men meir opplæring ynskjeleg*



På spørsmål om kva som kunne gjort rektorane tryggare i handsaminga av saker der tilsette vert utsett for vald og/eller trugsmål, kjem det frå ein rektor at ein kommunal rettleiar i «botn» kunne bidrege til meir tryggleik. Ein annan peikar på behov for meir opplæring. Det kjem også fram at det ville gje ei kjensle av tryggleik viss ein visste at ein fekk profesjonell hjelp raskt i saker som skulle krevje det.

Ein rektor etterlyser eit enno betre system for melding av avvik, der meldar/rektor får tilbakemelding på korleis avvika vert handtert.

Basert på tilbakemeldingane frå rektorane er praksis i handteringa av uønskte hendingar litt ulik frå skule til skule. Nokre melder at dei søker støtte i krisepermen, men ikkje alle. I hovudsak vert uønskte hendingar handsama gjennom samtalar med den tilsette, eleven og dei føresette. Ein rektor melder at det vert ført logg.

Rektorane melder at dei tilsette/skulen har vorte flinkare til å melde avvik i Compilo etter at det har vorte retta merksemd mot det. At det er fleire meldingar i Compilo det siste året vert sett i samanheng med at dei tilsette er meir medvitne på å melde avvika.

I den grad rektorane har grunnlag for å vurdere det, meiner rektorane at dei tilsette kjenner seg ivaretakne når dei vert utsette for uønskte hendingar som vald og/eller trugsmål. På same tid er det nokre tilsette som må løyse krevjande arbeidsoppgåver knytt til enkeltelevar som kan utagere utan førevarsle. Desse tilsette kan i situasjonar kjenne seg både utrygge og åleine.

På kommunalt nivå er det også merksemd kring vald og trugsmål, og det har vore på dagsorden i arbeidsmiljøutvalet.

11.05.2017 vedtok AMU følgjande:

*Kvar arbeidsplass i kommunen skal vurdere risikoen i si verksemd med omsyn til truslar og vald. Dette er eit leiaransvar. Dei partssamansette IA/HMS-gruppene vil ha ansvar for å utarbeide tilpassa HMS -system og rutinar. Arbeidet skal gjennomførast i løpet av 2017 og rapporterast til AMU innan 01.01.2018.  
Rettleigmateriell utvikla av partane i arbeidslivet eller Arbeidstilsynet er gode verktøy som kan nyttast i arbeidet.*

På seinhausten 2017 gjennomførte alle einingar i sektoren ei omfattande ROS-analyse der mange av einingane inkluderte vald og trugsmål under vurderinga av dei psykososiale arbeidstilhøva.

Vald og trugsmål vert likevel sett på som så viktig at AMU den 30.11.2017 vedtok at fokus på vald og trugsmål vart ført inn som fokusområde i årshjulet for 2018.

Etter planen skal AMU utarbeide handlingsplan for vald og trugsmål på arbeidsplassen i løpet av våren 2018.




Også i rådmannen si leiargruppe 09.01.2018 var temaet på dagsorden. Leiargruppa ser behov for at det vert utarbeidd ein kommunal rettleiar/prosedyre knytt til vald og trugsmål, og personalsjefen er i gong med førebuingane til ein slik rettleiar/prosedyre. Vedlegg:

Spørsmål til rektorane i Voldaskulen

#### **Vald og trugsmål mot tilsette i skulen**

Av tenesteutval for oppvekst og kultur, er eg beden om å orientere om vald og trugsmål mot tilsette i skulen.

Statistikk henta frå Compilio (kvalitetslosen) viser ein relativt stor auke i melde avvik innan kategoriar som kan definerast som vald og trugsmål.



Med utgangspunkt i din skule:

1. Er det tilsette som har opplevd vald og/eller trugsmål i 2017?

Viss JA:

2. Er det grunnlag for å seie at vald og trugsmål mot tilsette er eit aukande problem på din skule?
3. Er det rett å seie at det er få enkeltelevar som står bak vald og trugsmål mot tilsette?
4. Som leiar, kjenner du deg trygg på korleis handtere saker der tilsette vert utsett for vald og/eller trugsmål?
5. Kan du seie noko om kva som kunne gjøre deg tryggare i saker der tilsette vert utsett for vald og/eller trugsmål?
6. Kva prosedyrar fyl de når de gjeld vald og trugsmål?
7. Når tilsette vert utsette for vald eller trugsmål, vert det meldt i Compilio (kvalitetslosen)?
8. Har du grunnlag for å meine noko om korleis dei tilsette kjenner seg ivaretekne når dei har vore utsette for vald eller trugsmål?



**VOLDA KOMMUNE**  
**Opplæring og oppvekst**

**Eg skal altså orientere tenesteutval for oppvekst og kultur den 10. januar 2018.**

**Eg ber difor om rask tilbakemelding på spørsmåla over, og seinast 5. januar 2018.**

**Du kan godt bruke dette notatet, og skrive svara inn under kvart spørsmål.**

Volda, 20.12.2017

Per Ivar Kongsvik  
oppvekstsjef